



## STYRETS BERETNING FOR ÅRSMØTEPERIODEN 2023

Styret har bestått av:

leiar.	Berner Midthjell,	Vestland
Nestleiar/sekretær.	Terje Finsås	Viken
Kasserer,	Randi Birkeland	Vestland
Styremedlem	Haldor Tryggestad,	Viken
Vara,	Olav Lien	Trøndelag

Det er i 2023 halde 4 styremøte, og behandla 37 saker. Eit av møta vart gjennomført på Teams. Styret har i tillegg kommunisert på mail og telefon ved behov.

Mesta pensjonistforening vil takke for det gode samarbeidet vi har med ledelsen i Mesta as.

Mesta as feira 20 års jubileum i 2023.

Årsmøte vart halde i Brønnøysund 22.03.23. I tillegg til dei vanlege årsmøtesakene, vart det gjort små justeringar i vedtektene våre § 1, formålsparagrafen, og § 5. om årsmøtet. Vedtektene finn man på heimesida vår.



Pensjonistlaget sin tur måtte dessverre avlysast dette året. Vi prøver med nye turforslag i 2024 då vi opplever at mange vil vere med på denne type turer.

Pensjonistforbundet hadde landsmøte på Lillestrøm i tida 28. mai til 1. juni. Leiar var utsending frå Mesta pensjonistforening.



Mesta pensjonistforening er kollektivt tilslutta Pensjonistforbundet, og krev inn den til kvar tid gjeldande kontingent. Mesta pensjonistforening har ikkje eigen kontingent.



Leiar i Mesta pensjonistforening er varamedlem til landsstyret i Pensjonistforbundet.



Mesta pensjonistforening støttar etter søknad lokale tiltak økonomisk, og nokon frå styret vil prøve å stille opp der det er ynskje om det. I 2023 fikk pensjonistane i Trondheim støtte til tur.

Styret jobbar aktivt for å verve nye medlemmer og jobbar med å opprette møteplassar der medlemmar kan møtast med mål om felles hygge og sosialt samvær.

Som medlem kan man nyte godt av innkjøpsavtalene som moderbedrifta har framforhandla. Oversikt på dette finn man på heimesida vår.

Som medlem kan man også melde seg inn i Mestaklubben. Der kan man få tilgang til 3 hytter som er plassert på Oppdal, Geilo og Kvitfjell.

Styret jobbar for at Mesta pensjonistane skal ha sitt medlemskap i Pensjonist forbundet gjennom å være medlem i Mesta pensjonist forening. Hvis man vil engasjere seg også lokalt, betaler man den lokale kontingenten i tillegg. Dette er ein fordel for både for Mesta pensjonistforening, og deg som medlem dersom man benytter seg av avtalane som finns.

Alle som blir pensjonistar i Mesta as blir informert om Mesta pensjonistforening. Styret har i tillegg sendt invitasjon til mange pensjonistar med tilbud om medlemskap. Du finn informasjon om dette på heimesida til Mestapensjonist.no.



Ved utgangen av 2023 hadde Mesta pensjonistforening 185 medlemmer!



Styret takker alle som har bidratt med å gjere det til ein hyggeleg oppleving å vere medlem i Mesta pensjonistforening, og at man ser fram mot gode opplevingar i det kommande året.

Mange har stort behov for, og glede av å kunne delta meir på sosiale arenaer. Håper 2024 kan bli eit slikt år der mange kan nyte det gode liv av å være medlem i Mesta pensjonistforening



Helsing styret i Mesta pensjonistforening:

Berner Midthjell, Terje Finsås, Haldor Tryggestad, Randi Birkeland og Olav Lien.